

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 07.02.2023 i Torvmyrane 29.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl.

Desse møtte:

- Hallvard Bjørneset
 - Anne Ellingsen
 - Henriette Hafsaas
 - Ove Myklebust
 - Jon Helge Bjørndal
 - Jan Henning Egset (leiar i Repr.skapet, har møte- og talerett) deltok under handsaminga av sakene 1,3,4 og 5.
- Kommunikasjonsleiar Anne Mette Farstad orienterte i sak 05-23.
- Lærling Steffen Øye Myklebust deltok som tilhøyrar.

Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot førte møteboka.

Hallvard Bjørneset leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med tillegg av ny sak 6 og ny sak 7. Det var ingen referatsaker til dette møtet. Rekkefølga på saklista vart noko justert ved at sak 5 vart teken som første sak, og at sakene 2 og 7 vart tekne til slutt.

Sakliste:

Sak 01-23 **Dagleg leiar sin rapport**

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret tek dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om status i drifta og det nye anlegget på Melsgjerdet, organisasjonsendringar og tiltak der, økonomistatus, nytt regelverk frå årsskiftet og konsekvensane av det m.a. for fritidshusrenovasjon.

Sak 02-23 Styret si eigenevaluering

Det vart saman med innkallinga utsendt eigenevalueringsskjema som kvart av styremedlemene skulle fylle ut før møtet.

Vedtak: (5 røysteføre):

1. Styret har gjennomført eigenevaluering og vedtek den slik det kjem fram av det vedlagde skjemaet.
2. Eigenevalueringa vert å innarbeide i Årsrapport for styre og leiing, som skal handsamast på neste styremøte og deretter leggast fram for representantskapen

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 03-23 Godkjenning av avtalar mellom VØR og RSS

Saka er unnateke offentlegheit, jf. Offentleglova § 2.ledd og §23, 4.ledd

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret godkjenner avtalane 1 – 9 mellom RSS og VØR for 2023, slik dei ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Sak 04-23 Eigarmøtet 6.februar - oppsummering og vidare arbeid

Vedtak (5 røysteføre):

Styret tek orienteringa til vitande.

Handsaminga:

Styreleiar og dagleg leiar orienterte. Eigarmøtet vart oppfatta som ein god arena, der ein fekk etablert felles forståing for situasjonen og fekk utveksla gode synspunkt. Oppnemning av styre og representantskapsmedlemer var tema, i tillegg til framtidige prioriteringar for selskapet. Det vert utarbeidd eit internt referat frå møtet.

Sak 05-22 Årsmelding og eigarskapsmelding 2022 – orientering om status. Innspel til vidare arbeid.

Vedtak (5 røysteføre):

Styret tek orienteringa til vitande. Administrasjonen tek innspela frå styret til etterretning

Handsaminga:

Kommunikasjonsrådgjevar Anne Mette Farstad og dagleg leiar orienterte. Materialgjenvinningsgrad i 2022 er på 56,1%, opp frå 54% i 2021. Slam hadde hovudtømming i 2022, og det er såleis med på å auke andel materialgjenvinning i 2022. Fleire tiltak vert gjort for å betre sorteringsgraden, og trevirke, gips og hardplast vert no sendt til materielgjenvinning framfor forbrenning.

Sak 06-23 Tap på krav. Orienteringssak.

Vedtak: (5 røysteføre):

Styret tok orienteringa til vitande.

Handsaminga:

Dagleg leiar orienterte om tap på eldre krav. Styret drøfta og gav signal for kva innsats VØR bør legge i å drive inn uteståande krav; dette bør sjåast i samsvar med storleiken på kravet og potensialet for å få det realisert.

Sak 07-23 Handsaming av klage – renovasjonsgebyr for sel. Liv Signe Kvamme og Ottar A Bjørkedal

Vedtak: (5 røysteføre):

Styret i VØR finn ikkje å ta klagen til følge.

Jfr. § 11 i forskriftene for renovasjon i Volda og Ørsta, er styret i VØR siste klageinstans.

Vedtaket er såleis endeleg.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 08-23 Godkjenning av møtebok

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 07.02.23 slik den ligg føre.

Handsaminga:


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Hovdebygda 07.02.23



Hallvard Bjørneset
Leiar


Henriette Hafsaas


Ove Myklebust


Anne Ellingsen
Nestleiar


Jon Helge Bjørndal


Hans Peter Eidseflot
referent